

Søkjær

Opplysningar om institusjonen

Kommunenamn	Bergen kommune
Institusjonsnamn	Bergen bibliotek
Postadresse	Strømgaten 6
Postnummer	5015
Poststad	Bergen
Leiar av institusjonen	
Fornamn	Julie
Etternamn	Andersland
Telefon	41 611 572
E-post	hans.tyssen@bergen.kommune.no

Sluttrapport

Prosjekttittel	Klimafestival for born og unge
Kategori	Innsatsområder: FNs bærekraftsmål og bibliotek, Nye samarbeidsformer og partnerskap
Tildelt beløp	550 000
Antall tildelingsår	1-årig
Tidsperiode	2024, 2025

Mål for prosjektet

Bergen Offentlige Bibliotek vil gje born og unge (4 til 16 år) kunnskap, handlekraft og ei kjensle av å bli tekne på alvor i klima- og berekraftsspørsmål ved å etablere ein klimafestival for born forankra i alle dei ulike bibliotekavdelingane i byen.

Klimafestivalen har som mål at born og unge:

- Vert tekne på alvor i klimaspørsmål
- Får kvalitetssikra og tilpassa kunnskap og informasjon
- Vert tilbydd konkrete kompetansar og verktøy for handling og endring
- Møter fagfolk og makthavarar på ein arena der stemmene deira vert høyrde

BOB ønskjer å vere eit knutepunkt for berekraftsformidling, og tydeleggjere vår posisjon som opne og inkluderande stader for rekreasjon, debatt, opplysning og kunnskap for målgruppa. Vi vil samarbeide med aktørar som klimaetaten, Bærekraftige liv, Bybonden, Klimaklubben, "Varmere, Våtere, Villere", Redd Barna, og ulike grasrotorganisasjonar knytt til berekraft og nasjonale fagmiljø for å skape eit forum av høg fagleg kvalitet med tilpassa aktivitetar.

Rapport

Resultat av prosjektet

Bergen Offentlige Bibliotek gjennomførte i partnerskap med klimafestivalen Varmere Våtere Villere, Klimafestivalen junior for første gong 13.-16. mars 2024. Pilotprosjektet vart programmert på rekordtid; biblioteket fekk tilslag på søknaden om midlar frå Nasjonalbiblioteket berre halvannen månad før Klimafestivalen junior starta. Prosjektgruppa fekk stabla saman eit festivalprogram med totalt 60 gjennomførte arrangement. På programmet stod det forfattarbesøk, verkstadar, føredrag, førestillingar, debattar og filmframsyningar. Dei fleste arrangementa blei gjennomført av innleigde aktørar. Festivalprogrammet var delt opp i program på dagtid for barnehagar og skular onsdag til fredag, mens familieprogrammet føregjekk på laurdagen. Enkelte bibliotek hadde arrangement etter skuletid. I løpet av fire festivaldagar deltok over 1850 barn og unge på Klimafestivalen junior 2024.

Måloppnåing

Bergen Offentlige Bibliotek sitt mål med Klimafestivalen junior er å gje born og unge (4 til 16 år) kunnskap, handlekraft og ei kjensle av å bli tekne på alvor i klima- og berekraftsspørsmål. Gjennom eit kuratert festivalprogram har vi lagt til rette for at målgruppa har fått kvalitetssikra og tilpassa kunnskap og informasjon via arrangement som forfattarbesøk, føredrag, verkstadar og Barnas klimaspørretime. Biblioteket har tilbydd barn og unge konkrete kompetansar og verktøy for handling og endring gjennom verkstadar og praktiske aktivitetar, og gitt rom for refleksjon og diskusjon. Under Barnas klimaspørretime fekk mellomtrinnslevar stille spørsmål og gi uttrykk for eigne meiningar til Norges klima- og miljøminister Andreas Bjelland Eriksen, byråd for byutvikling Christine Kahrs, klimadirektør i Bergen kommune Stina Oseland og leiar av Natur og ungdom Bergen,

Miriam Tvinnereim. Slik har biblioteket freista å legge til rette for at målgruppa har fått møte fagfolk og makthavarar på ein arena der stemmene deira vert høyrde.

Dei subjektive og kvalitative måla om å gi barn og unge mellom 4 og 16 år kunnskap, handlekraft og gi ei kjensle av å bli tekne på alvor, er vanskelege å måle i ettertid. I evalueringsskjema har lærarar gitt tilbakemeldingar som kan tolkast dit hen at vi har klart å oppnå noko av det vi har sete oss føre; Lærarar i barnehage og grunnskule melder at barnehagebarna og elevane har gitt uttrykk for nye innsikter, refleksjon og engasjement både rett etter arrangementet, men også i tida etterpå. Fleire skriv at opplevingane under Klimafestivalen junior har fungert som eit engasjerande springbrett inn i barnehageprosjekt og skuleundervising knytt til klimaendringar og berekrafttematikk.

10 av 70 opprinnelege arrangement vart avlyst; nokre grunna sjukdom, andre på grunn av manglande publikum.

Verkstadar

I løpet av festivaldagane arrangerte Klimafestivalen junior 32 verkstadsarrangement, fordelt på seks aktørar med ulike kompetansar. FN-sambandet gjennomførte diskusjonsverkstadar for mellomtrinnslevar om klimaløysingar. Smaksverkstedet hadde belgfruktbonansa (vegetarkokkekurs) for mellomtrinnslevar og vegetarkebabverkstad på ettermiddagar. Ilag med Bergen fellesverksted fekk barn og unge høyre om småfuglane sine kår som følge av klimaendringar og deretter snikre fuglekassar. Eminus Design Studio lærte skuleelevar og ungdom om redesign og visible mending som eit tiltak for å forlenge klede si levetid og redusere eige forbruk. Bybonden gjennomførte dyrkekurs med småtrinnslevar kor dei først fekk høyre om sjølvforsyning og matdyrking i Noreg, før dei fekk så frø til skulehage og heim. Lys Levende Adele gjennomførte ein improteaterverkstad for småtrinnslevar og som familiearrangement, kor dei saman fekk utforske med fantasi og kjensler korleis vi i Bergen kan bli råka av klimaendringar, dersom verdssamfunnet ikkje klarar å stagge utsleppa av klimagassar.

Forfattarbesøk

Seks forfattarar gjennomførte til saman 22 formidlings- og samtalestunder med elevar på småtrinn, mellomtrinn og ungdomstrinn. Anne Karin Sæther (Må vi slutte med olje?) og Kirsti Blom (Søppelplasten i havet) formidla sitt klimaengasjement via sine sakprosabøker, mens Max Estes (Flommen), Ruth Lillegraven (Klodeklubben), Sanne Mathiassen (Øya synker sakte) og Flu Hartberg (Tilla og vannvesenet) formidla klimaengasjement ved hjelp av sine skjønnlitterære bøker.

Førestillingar

Sindre Westgård produserte ei førestilling basert på bildeboka Bjørnen Herr Brun av Ragnar Hovland. Bildeboka problematiserer øydelegging av norsk natur og konsekvensar for dyrelivet. Westgård gjennomførte 6 førestillingar for barnehage- og småtrinnsgrupper og som familiearrangement. På laurdagsprogrammet viste fire av biblioteka Arthausfilmen «Lundefjell – egget som forsvant», som problematiserer korleis klimaendringane trugar dyra sitt livsgrunnlag.

Føredrag

For ungdomsskuleelevar haldt klimapsykolog Thea Gregersen foredrag om klimakjensler og

klimaengasjement. Fotografen Søren Zeuth holdt foredrag om konsekvensane av vestens tekstil-overforbruk og viste bilde frå Ghana (henta frå hans utstilling Fashion Dumpsite ved Tekstilindustrimuseet). Begge foredragshaldarar gjennomførte samtaler med elevane.

Debatt/samtale

Under Barnas klimaspørretime fekk mellomtrinnslevar stille sine egne spørsmål til klima- og miljøminister Andreas Bjelland Eriksen, byutviklingsbyråd Christine Kahrs, klimadirektør Stina Oseland og Mirjam Tvinnereim frå Natur og ungdom. Vi inviterte barna i Klimaklubben til å introdusere panelet for publikum, men også å avslutte arrangementet med appell. Panelsamtalen «Redd eller klar?» mellom klimapsykolog Thea Gregersen Mirjam Tvinnereim fra Natur og ungdom, psykolog og forfatter Benjamin Silseth (sjuk) og barnebibliotekar ved Bergen Offentlige Bibliotek Mirjam Øien Eiksund, fekk publikum innblikk i menneskelege og psykologiske mekanismar som er vanlege i møte med klimaendringar. Publikum deltok også i samtalen.

Overføringsverdi/erfaringar som andre kan dra nytte av

Barna bør bli involvert i arrangementa. Aktiv deltaking skapar engasjement og gode moglegheiter for læring. Natur og klima engasjerer! Det er viktig både for vaksne og barn, meir viktig enn ein kan få inntrykk av i media. Det er essensielt at klimautfordringar blir knytt til våre egne liv. Ved å samarbeide med lokale aktørar om programmet, når biblioteket breiare ut til publikum. Det bidrar også til å synleggjere biblioteket sitt potensial for berekraftsarbeid i lokalsamfunnet. Vi har sett at det ligg eit stort potensial i interne ressursar i biblioteket som vi ikkje fekk tid til å nytte oss av på grunn av lite tid til programmering. Det er vanskelegare å få tak i ungdomsskuleklassar enn klassar på lågare trinn, program for denne målgruppa bør kommuniserast ut to-tre månadar i førevegen. Å lage festivalprogram for barnehagebarn og skuleelevar, gjer at vi når ut til ei svært mangfaldig gruppe barn og unge, også mange barn som elles ikkje besøker biblioteket så ofte. I mai 2025 deltok vi på den internasjonale bibliotekkonferansen «NEXT library» kor vi delte våre erfaringar med programmering, lokalt samarbeid og berekraftsarbeid i eit offentleg folkebibliotek.

Eventuelle planar for vidareføring eller oppfølging

Bergen Offentlige Bibliotek gjennomførte i partnerskap med klimafestivalen Varmere Våtere Villere Klimafestivalen junior på nytt i 2025 og 2026, og er no i gong med å planlegge Klimafestivalen junior 2027. Deir esterande midlane vart overført til neste års festival med dykkar godkjenning.

Rekneskap

- [Regnskap KFJ 24.pdf](#)

Vedlegg